

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64.

Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Leksvik.

Emne: Død og begravelse.

Bygdelag: Leksvik sokn.

Oppskr. av: Johan M o a n,

Gard: Moan.

(adresse): L e k s v i k.

G.nr. 8 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis etter eiga røynsle og etter foreldra mine, som er 81 og 83 år gamle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Når hundane (som det var nøgda av i gamle dagar) tok til med utidig hyling, eller når hubroa vart for nærgående, trudde dei i gamle dagar at einkvan i grannelaget var feig. Dersom likfylgjet på heimvegen frå kyrkjegarden delte seg opp, slik at at det vart eit tomrom i vegen mellom hestane, trudde dei òg at det snart vart ei ny likferd i grenda. Ellest veit ein ikkje om andre varsler, eller at nokon kunne ha greie på kven som skulle døy.

I gamle dagar var det vanleg med meir eller mindre lus hos dei fleste menneske. Gamle folk veit òg å fortelja om, at når eldre menneske med mykje lus på seg låg og skulle døy rømte lusa den sjuke, straks før han slokna.

Eit anna merke på at den sjuke ikkje hadde lenge att var at han kjende seg svolten og skulle ha mat. Dette matmålet vart kalla "daumålet." - - -

Ellest veit ein ikkje om ein nett skulle døy på ein viss stad i huset, at dødsromet skulle ordnast på ein serskiild måte, eller at visse ting kunne ha innverknad på døds kampen, slik at han vart lett eller hard.

Så langt ein veit tilbake i tida har det vori vanleg å henta presten til den som skulle døy. Tradisjonen veit å fortelja om eit slikt tilfelle så langt tilbake som i 1644, da presten Johansen var oppi Markabygda og gav ein

2
mann på Gangstad sakramentet. Same presten slo forresten ihel drengen sin på heimturen, på ein stad som i dag heiter Drengåsen.

Det var òg forresten mange som faktisk ordna med korleis det skulle gå for seg i gravferda deira. Dei avgjorde såleis kven som skulle vera likberarar, ja til og med kor stor betaling desse skulle ha for strævet sitt.

Tida mellom dødsfallet og gravferda.

Det mest brukte uttrykk for å døy var å døy. Ellest vart òg sagt at han eller ho somna eller flytta. Ordet døy heiter for resten do i fortid på Leksvikdialeken.

For å vera viss på om eit menneske var død, har det vori vanleg å halda ein speiel framfor munnen på den avlidne. Så la dei gjerne to-øringar over augnelåka på den døde, ei salmebok under hoka, eller dei batt opp underkjaken med eit band.

Her har ikkje vori vanleg å varsla grannane straks ein person var død, utan i serskilde høve. Ein veit heller ikkje at det har vori skikk å varsla husdyra.

Når nokon var død var det vanleg at dei stogga klokka og hengte duk eller åklæ for speielen og vindaugo i dødsromet. Dette med dukar eller åklæ for vindaugo skulle vera meldinga til grannane, at no var den sjuke avliden.

Som regel fekk den døde liggja eit døger i senga etter han var død. Da vart han lagt på ein benk eller eit bord, til ein hadde kista med likklærne ferdig. Ein veit aldri om tilfelle der den døde vart lagt på halm.

Når den døde var teken opp av senga, vart senghalmen brend. Somtid brende dei òg sengklærne. Men nye skinnfellar og anna sengty i god stand vart som regel spara.

Så snart som råd var etter eit dødsfall vart liket vaska og flidd. Mannlege lik vart også raka, og det var vanleg at den som raka den døde skulle ha rakkniven til den døde for strævet. Det var som regel serskilde

kvinnfolk som vaska og flidde lika. Men ein veit ikkje om at desse kvinnfolka brukte serskilde klær for dette høve, anna enn vanlege arbeidsklær. V atnet som den døde var vaska med vart alltid slått bort.

Likkklær.

Å klæ lik heitte sveiping. Likkklærne vart kalla lik=sveip. Til liklaken vart brukt vanlege laken, og ein veit ikkje om at det var vanleg å bruka brurelakenet til liklaken.

Når den døde vart lagt i kista hadde han ikkje anna klær på enn likklærne, og han var oftast berrføtt. Kvinnfolk kunne òg ha ei kvit huve eller kyse av lin på hovudet. Alle likklær var i gamle dagar laga av lin.

Kring århundreskiftet tok ein så smått til å kjøpa likklærne ferdige. Og i dag blir alt slikt kjøpt ferdig. Ferdige likklær blir framleis kalla for licksveip.

I gamle dagar var det vanleg at dei hadde både ei og to ferdige likkister på gardane. Desse stod helst inne på stabburet, der dei lagra matvarer i dei for å berga desse for musa.

Det går enno ei gamal soge frå Markabygda her, om eit tilfelle der dei i fylla hadde fari til kyrkjegarden og gravi ned ei likkiste med matvarer, og der liket låg att i den andre kista inne på stabburet.

Likkistene hadde berehankar eller berestropper av basttaug. Kistene vart laga av serskilde snikkarar. Dei skulle helst vera av furual(malmfuru), og dei vart alltid måla svart. Før liket vart lagt i kista vart det lagt høvelspon i denne, til underlag for liket. Hovudputa vart òg fylld med høvelspon. Av ting som den døde fekk med seg var sjelden anna enn salmebok eller bibel. Kista vart som oftast pynta med heimelaga kransar av blomar, lyng og bar.

Når den døde skulle leggjast i kista vart ofte dei næraste grannane og vennene tilkalla. Det vart da haldi

som ei slags høgtidsstund, og det vanka alltid mat etter= på. Ein veit ikkje om at dei hadde fest med dans ved slike høve.

Når liket var lagt i kista, vart denne boren bort i uthusa ein stad, der ho stod til likferdsdagen. Den vanlegaste staden var bortpå låven. Noko serleg pynting inn på romet der kista stod veit ein ikkje var brukeleg, anna enn at det vart rydda opp noko og at golvet vart sopa reint for boss.

I denne tida var det vanleg at grannar og venner av den døde kom for å sjå liket. Kistelåket var ikkje fastskruvd denne tida, og liket hadde ein duk over andletet. Denne duken vart kalla sveitteduk.

Her i bygda fins enda ikkje gravkapell, og den gamle skikken heng stort sett att, men no meir i pakt med god folkeskikk og i sømelegegare former.

Sorg.

Den tida liket stod på garden skulle ein undgå ståk og leik. Denne tida var i grunnen sørgetida, for etter jordfestinga hadde ikkje folk tid å tenkja på slikt som sorg. Ein hadde så meir enn nok med slitet for det daglege brødet.

For resten var det ikkje likt til at folk sørgde så følt i gamle dagar. Eg har til dømes høyrd ei soge frå om lag 80 år tilbake; Medan dei song ut liket (ein kall på 62 år) stod den 22 år gamle enkja attafør ytterdøra og elska med ein av grannegutane (som ho òg seinare vart gift med).

Til gravøl måtte berre brukast svarte klær. Ein veit ikkje om at enkjene brukte serskilde søgjeklær ved slike høve, dei var svartklødde dei som andre.

Å syngja ut liket.

Eit gravøl, som her blir kalla likferd, har aldri vorti haldi på ein sun- eller høgtidsdag. Ellest var det ikkje så nøye kva dag i veka det var.

Før dei fór til kyrkjegarden med den døde, vart liket sungen ut av huset heime. Berarane tok da kista med den døde og gjekk ut gjennom dørene, slik slik at fotenden kom først, medan dei andre, med ein klokke eller eller annan dugande songar som forsongar, song ein salme. Kista vart så plassert ute på tunet på to krakkar, der ho stod til gravferda seinare på dagen. Her ute på tunet vart ofte låket teki av for siste gong, slik at dei som var til stades kunne få sjå den døde for siste gongen.

Nokon seremoni med lys ved kista eller serskilde gråtekoner veit ein ikkje om her i bygda. Derimot er ordet vokonatt og vokostugu kjendt, men ingen hugsar noko om denne skikken. Så truleg er det lenge sidan han har vori i bruk.

I dag er det vanleg at presten er tilstades i sørgjehuset og held tale. Ein veit om at han gjorde så så langt tilbake som for 70 år sidan, men det var berre når det gjaldt såkalla betre stilla folk. Ellest ser det ut som skikken med å ha presten i gravølshuset er komen etter at prestane vart heilt statslønna, og folk slapp å betala dei for slikt.

I gamle dagar var det vanleg med skjenk i gravøla. Når gjestene kom til gards, fekk dei gjerne ein velkomstdram av kjøkemeisteren. / Før den døde vart førd til kyrkjegarden vanka det ein avskilsdram. / Og om kvelden var det varm pons, slik at dei fleste vart godt påsegåa. Attåt dette var det nógda med maltøll.

Førr i tida måtte likberarane ikkje vera i ætt med den døde. No er det helst dei næraste slektningane som ber liket.

Frå gamalt av har det vori skikk at både kvinner og menn fylgde med gravferda til kyrkjegarden. Og det vart rekna den døde til stor ære at så mange som mogleg var med. Frå gamalt av har det òg vori vanleg at venner og grannar synte den døde ei siste ære, med di dei reistå

117, 118

06581

6

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

æresportar på vegen der gravferda laut fara. Desse æresportane var i dei fleste tilfelle ikkje anna enn ei ung gran på kvar side av vegen, og så var vegen strødd eit stykke framfor og bakom æresporten med finhakka granbar. Desse æresportane var som regel oppsette der gardsvegane møttest med bygdevegen.

Når det gjeld flagging, så er det å seia at i gamle dagar fans korkje flagg eller flaggstenger. Men etter kvart som desse ting vart ålmenne, vart det òg vanleg å flagga på halv stong til ære for den døde, eller for å syna dei næraste slektningane medkjensla. Skikken med flagging på halv stong når det er gravøl vart ikkje ålmen før kring århundreskiftet, og i dag er det vanleg at alle i grenda, som eig flagg og flaggstong flaggar når det er gravøl, same om dei ikkje er i ætt med avlidne eller på annan måte er bedne til gravølet. Skikken med å heisa flagget i toppen etter at gravfestinga er unna-gjort har enno ikkje slått heilt igjennom, men det går sikkert ikkje mange åra før han har gjort det.

Det er no vanleg at når nokon er død, og det fins flagg og flaggstong der, da heiser dei straks flagget på halv stong, der det så blir hangande til vanleg nedtakitid om kvelden. Når skyldfolk og grannar blir vår dette, så gjer dei òg det same.

Han som skulle køra liket til kyrkjegarden var gjerne ein god ven av den døde, og han måtte alltid bruka ein svart hest. Han måtte òg køyra på ein skapleg måte, for det vart rekna som ein stor uskikk om ikkje likferdsreia heldt ihop, både på fram- og tilbaketuren. Det vart òg rekna som ein stor uskikk om likkøyraren sat på kista under ferda, han laut stå på meiane eller på vogna.

Når dei var komme tilbake frå kyrkjegarden, møtte kjøkemeisteren opp på trappa og ynskte velkome heim. Og så vanka det gjerne ein dram eller ein sup øll.

På kyrkjegarden.

Når likferda var komen til kyrkjeporten, der prest= en var møtt fram, løfte berarane kista av vogna eller sleden, og under salmesong gjekk så likfylgjet beinast til grava. No tagna også kyrkjeklokkene, som hadde ringt heilt frå likfylgjet var innafor synsvidde.

Når jordfestinga var unnagjort bar det atter til med ringing, som slutta etter at fylgjet var komi eit stykke på heimveg.

Grava.

Før Leksvik fekk fast gravar laut dei næraste på= rørende syta for gravinga. Den tida var det òg vanleg at gravferdsfolket kasta att grava straks presten var ferdig. I 1897 eller 1898 vart så Johan Grinden tilsett som fast, men han hadde i fleire år før den tid gjort tenest som privat gravar, når nokon ikkje såg seg råd med dette ar= beidet sjølve.

I gamle dagar vart ikkje gravene stelt og pynta slik som no for tida. No blir rett som det er haldi dugnads= dagar eller dugnadskveldar på kyrkjegarden, og da blir både grusgangar og graver sett i stand.

Serlege tilfelle.

Ein som hadde teki sitt eige liv vart det ikkje gjort stor stas på når han skulle i jorda. Som regel vart han lagt i kista i dei klærne han hadde på seg når dei fann han, og blomar og kransar var det ikkje snakk om. Helst skulle dei fara til kyrkjegarden om kvelden, og det var inga klokkinging.

På kyrkjegarden vart han så lagt i ei krå, eller han vart lagt så nære muren som råd var.

Når udøypte eller for tidleg fødde born skulle i jorda, venta ein gjerne til det vart ei vanleg jordfest= ing, og så fekk dei gjerne lagt dei ned i kista til den som da skulle i jorda.

8
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Gravøl.

Det mest brukte ord for gravøl her i Leksvik er likferd, eller likfar (med tjukk r). Men det er òg somme som brukar det tysk-danske begravelse eller begravels.

Når det skulle bedast til gravøl, vart alltid brukt ein fast beamann til dette. Han gjekk så til kvar ein-skild og bar fram målemnet sitt. Og skikken var at han skulle ha mat hos alle han kom til, så bedinga gjekk ikkje nett så snøgt for seg. Derfor er det òg eit ordtak her i bygda, at ein beamann skal ha kaffe i kvart hus han kjem til, og så skal han lata vatnet i kvart grindle.

Å be til gravøl ved å senda brev vart før i tida berre brukt til utanbygdsbuande gravølsgjester.

Var det litt til person det skulle haldast gravøl etter, stod det på i både 2 og 3 dagar. Ja, ein veit om til tilfelle der det vara i samfulle 4 dagar. Men 2 dagar var det vanlegaste. Husmannsfolk og inderstar fekk greia seg med ein dag.

For rett lenge sidan var det skikken at dei kom med sendingane (eller beiningane som det heitte) kvelden før gravølet. Da vart det haldi ein såkalla beiningskveld. Seinare vart det vanleg at dei tok med seg beiningane med same dei fór til gravølet. Etter første heimskrigen er ein meir og meir gått over til å halda gravøl utan at gravølsgjestene har med seg beiningar, og denne skikken har no festna seg alt for fleire år tilbake. Medan det var vanleg med beiningar, var det òg skikk at ei heil horg med folk, både vaksne og ungar, var med til gravølet, for å vera med og eta opp det dei tok med. Ja, det skulle til og med vera eit "korgstykke" heimatt, så dei som laut vera heime fekk ein smak av gravferdsmaten.

No er det slutt med dette at heile huslyden, eller det meste av huslyden, fer til gravøl. Det er helst berre sjølvfolka, og så har dei som regel med ein krans eller blommar i staden for matvarer.

I gravøla i gamle dagar vart eti 3-4 matmål til vanleg. Men det vart både eti og drukki mellom matmåla også. Det såg ut som etinga og drikkinga var det aller viktigaste ein gong. Det går enno ord om gamle gravøl, der dei drakk til dei vart fulle og tok til med slåssing.

No er det heilt slutt med sterke saker i slike høve. Og det ser òg ut som ovetinga er slutt. Det er òg meir sjelden at eit gravøl varar i meir enn ein dag, og det er som regel berre langveges farande gjester som blir lenger enn ein dag.

Først på dette hundreåret var det godtsom berre heimelaga kransar, av tytebærlyng, blomar og einebar som vart nytta. Etter første heimskrigen er ein meir og meir gått over til å kjøpa kransane hos serskilde kransebindarar, som har spesialisert seg på dette yrket. Kransane av i dag har alltid sløyfe, anten av papir eller silke.

Når det gjeld vanlege folk, som ikkje blir hatt inn i kyrkja før dei blir gravlagde, blir kransane lagt på kista i gravferdshuset. Ein har no meir og meir gått over til å få presten til å gjera dette, når det no eingong er vorten skikken at han skal vera til stades i gravølet. Dei fleste kransane blir no gravne ned saman med kista. Og det er berre dersom ein bed gravaren om det, at han tek opp kransar, som han så legg på grava etter at denne er tilkasta.

Her i bygda er vanleg enno at gravølet blir haldi i heimen til avlidne, aldri på hotell eller pensjonat. Eit unnatak er dei tilfella når nokon av dei på gamleheimen skal i jorda.

Skikken med å lysa dødsfalla i avisene kan ein seia er kring eit halvt hundre år. Men det var berre einskilde tilfelle i førstninga. No blir storparten av dødsfalla kunngjort på denne måten.